

Etter vedtak i formannskapet 25. mars har rådmannen etter delegasjon gjort følgende vedtak:

*Dei særskilde vedtaka som er gjort etter smittevernlova §4- 1 gjeldande for Hjelmeland kommune vert oppheva frå og med 28.mars.*

Vedtaket er gjort i samråd med kommuneoverlegen !

Wictor Juul, rådmann

Grunngjeving for opphevinga:

Kommunane Hjelmeland og Suldal, ved respektive kommuneoverlegar, innførte særlege skjerpa reglar for kven som må i karantene søndag 15. mars i hastevedtak hjemla i smittevernsloven §4-1.

Dette var etter at me opplevde at me lokalt hadde eit særskilt behov for å beskytta befolkninga og tenestene våre. Sannsynlegvis var me i ein tidlegare fase av epidemien enn byegionane og me opplevde eit reelt smittepress med stor ferdsel frå Nord-Jæren, Haugesund og andre områder inn i vår region. Krava i smittevernloven om frivilligheit var ivaretatt gjennom både lokale og statlege råd, og sjølv om det var eit inngripande tiltak, vurderte me at det stod i forhold til potensiell nytteeffekt.

Enn så lenge har me ikkje fått påvist smitte innanfor kommunen sine grenser, truleg har me mindre smittepress enn byregionane ennå. Det er sannsynleg at tiltaket har vore medverkande til dette. I tillegg må me berømma befolkninga si innsats i å overhalde både dette tiltaket og alle andre nasjonale og lokale råd og tiltak, spesielt mtp hygienetiltak og sosial distansering.

Sidan dei skjerpa reglane vart innført har dei sentrale helsemyndighetene innført nye restriksjonar på heile befolkninga:

20. mars:

- forbud mot overnatting på hytter

27. mars:

- Skjerpa anbefalingar om maksimalt 5 personar i grupper utanfor familien

- Meir enn 2 meters avstand innandørs på arbeidsstad

- Meir enn 1 meters avstand i det offentlege rom

I tillegg gjeld fortsatt følgende råd frå helsemyndighetene:

- "Unngå reiser som ikke er strengt nødvendig, unngå offentlig transport hvis du kan, og andre steder hvor du lett kommer nær andre."

Sidan førre uke har andelen av befolkningen som unngår soial omgang med nær familie og venner gått frå 68 til 90% i følge Opinion, noko som tyder på at i denne tida har folk tilpassa seg situasjonen og forstår Alvoret.

Alt dette tatt i betraktning, ser me no at vårt lokale vedtak nok ikkje gir så mykje tilleggseffekt i smittebremsing og -begrensing som det gjorde i starten, og me kan derfor ikkje lenger seie at eit så inngripande tiltak står i forhold til effekten.

Framleis vil kommuneoverlegen peika på følgjande:

Ver venleg og tenk grundig gjennom behovet for reiser til område med vedvarnede smitte og sjekk det opp mot dei nasjonale råda. Det gjeld både Hjelmeland si befolkning, men også befolkninga utanfor som vil på besøk til Hjelmeland

Unngå lange turar i fjellet.

Me vil ikkje tilrå at folk utanfrå reiser på dagstur til Hjelmeland for å gå på tur i heia vår. All bevegelse i nærmiljøet aukar smittefaren (ein må gjerne på butikkar o.l.), men i tillegg aukar slike turar sjansen for behov for akuttmedisinske tenester, noko me må unngå i størst mogleg grad dei neste månadane.

Vær årvaken, hald dykk heime dersom de får symptom på luftvegsinfeksjon og ta kontakt med legetenesta ved behov.

Det er framleis viktig at arbeidsplassane legg til rette for at medarbeidarar kan overhalda avstandsreglane, og gjennomføra andre smitteverntiltak.

Til slutt:

Vask hendene, host/nys i albogen, hold avstandsreglar og unngå samlingar med fleire enn 5 utanfor familien.